
Gamle gravferdstradisjonar i Valdres – gode skikkar i møte med død og sorg i dag

Hedalen stavkirke sitt 850-årsjubileum
16. november 2013

Henning Andersen

Det er store og alvorlege ting å prate om dette – gravferdsskikkar. Gravferdsskikkar er i seg sjølv ikkje så trist, men meir døden som kjem føre, den som gjer at me treng gravferdsskikkane. I mange år har det vore tabu å prate om døden, men det verkar på mange måtar som me har kome inn i ei tid der det ikkje er så farleg å prate om død og sorg lengre. I løpet av dei siste par åra, og særleg siste halve året har det til stadigheit vore artiklar og reportasjar i aviser, radio og TV om tema som handlar om sjukdom, død og sorg. Alt frå lindrande behandling ved livets slutt, til aktiv og passiv dødshjelp. «Slik vart han eller ho sine siste dagar og timar.» . «Kva kostar ei gravferd? «Kva skjer når vi dør?», «Gravferdsrituale, oskespreiing, eller jordbegravelse». I tillegg så kan det verke som om all naud og alle krigar, ulukker og katastrofar me får rett inn i godstolen i stova, rett opp i fanget, har gjort noko med oss – me har byrja å akseptere at døden er noko som høyrer livet til, og som me ikkje kjem unna. Me får dei kongelege gravferdene i Europa kringkasta på TV, og sist hadde me Wenche Foss si gravferd – sett av titals tusen nordmenn på TV. Mange bloggjar om sjukdom og død – sist Facebooksida til Magne Helander frå Drøbakk. Meir enn 80 000 lesarar har fylgt hans innlegg om dottera Ylva på sju år sin kamp mot kreften. 6. november la han ut fylgjande melding: «Da har jeg blitt Pappa til en nydelig engel.. Akkurat nå dro hun videre til en ny Verden.» Denne kommentaren har sidan dødsfallet fått over 40.000 likes, og nærare 55.000 kommentarar.....

I løpet av dei siste 10-15 åra har me berre her i Valdres vore råka av mange ulukker og tragiske dødsfall der unge folk brått har vorte rive bort. Og i etterkant av dette har eg prata mykje med mange ungdomar. Dei har vorte opptekne av død og gravferd, og mange har skrive ned sine tankar og ynskjer om dei skulle koma til å døy i ung alder. Dei har akseptert at døden er noko me ikkje kjem unna, og at den kan råke når ein minst anar.

Gamle gravferdstradisjonar i Valdres – gode skikkar i møte med død og sorg i dag

og eg vil starte med å seia noko om:

- **Å møte døden, både før og no.**
- **Rituale og tradisjonar frå førkristen tid og tida etter reformasjonen.**
- **Korleis gravferdstradisjonane var her for mellom 50 og 150 år sidan.**
- **Kyrkja sin plass i ei moderne gravferd.**

- Synge fire salmar – tre av dei «nye» i gravferdssamanheng.
- Oppsummere, og sjå på likskapar og skilnadar på gravferder før og no korleis me kan halde på å bruke dei gamle gravferdsskikkane for å tilføre det «personlege» me ofte ynskjer, samstundes som gravferda skal avspegle den døde – ei gravferd for oss som lever i dag.
- Minnesamværet og maten, og me går deretter inn i Preststuggu å få i oss litt å varme oss på.

Inne i preststugge er det høve til å stille spørsmål eller kommentere eller koma med tankar og synspunkt.

Å møte døden – før og no

Det er to ting me veit heilt sikkert om livet, – fødsel og død. Det fyrste er så lett å tala om. Det er noko handfast midt i alt det uforstålege. Døden, den det er vanskeleg og nokon gonger umogleg å tala om. Døden skapar smerte og sorg. Me går ikkje frivillig inn i noko så vondt.

I møte med døden blir me ofte ganske sårbare og nakne. Me er både usikre og redde. Me veit at det skjer noko med kroppen når me kjem opp i ei krise eller dramatiske situasjonar som det er å ha eit dødsfall tett på. Me tenkjer kanskje ikkje alltid rasjonelt, kroppen fungerer rett og slett ikkje som den gjer til vanleg. Det å gå opp ei tropp kan vera tungt å vanskeleg. Det å koke kaffi eller smørje smørbrød kan vera vanskeleg nok i nokon høve.

I møte med død, sorg og sagn likar nokon å få gå inn i seg sjølve og bli tause, sitja stille og berre sjå i veggen – nesten apatiske. Nokon blir meir handlegkraftige og må i gang med noko arbeid, anten praktiske gjeremål i høve dødsfallet og gravferda, eller det å skifte dekk på bilen, vaske kjøkkenet, rydde på loftet.... Kort sagt – noko henge fingrane i.

Dei gamle tala ofte om døden og sat oftare ved eit sjuke- og dødsleie enn me gjer no. Døden var ein realitet og ein del av livet. På gardane i gamle dagar budde det ofte svært mykje folk. Det var store ungeflokkar, i tillegg til at fleire generasjonar budde under sama tak. Legdekarar og legdekjerringer kunne òg vera ein del av husstanden. Dette gjorde til at døden oftare var «innom», og vart noko ein laut akseptere. I dag har me legemiddel og mykje kunnskap som gjer oss i stand til å helbrede sjukdomar ein i tidlegare tider døydd av. Dette har gjort at vår avstand til døden har auka. I tillegg så er det viktig å hugse på at frå 60- og 70-talet byrja folk å koma på sjukehus og sjukeheimar. Dette har gjort sitt til at me har fjerna oss frå døden – døden har vorte institusjonalisert, som me likar å seia. Men det er nok noko skilnadar frå bygd til bygd, og frå by og land. Når det gjeld det med å forhalde seg til døden som ein naturleg del av livet vil eg koma med ei tese eg har prata med ambulanspersonell og fleire legar om.

I byane er det kanskje maks 10 – 15 minutt til næraste legevakt eller sjukehus – sjansane for å bli redda om ei ulukke råkar, er stor. På bygdene er det kanskje ein time til legevakta, og 2 – 3 timar til næraste sjukehus. Kanskje må ein i tillegg vente ein time på ambulansen. På bygdene må ein på døden med i betraktningane mykje før ein treng det i byen. I byen blir «alle» redda fort, men på landsbygda er det ikkje alltid at hjelpa rekk fram i tide. Dette kan kanskje ha noko å seia for korleis ein forhold seg til døden og evt. aksepterer den som ein del av livet.

Det er stor skilnad på konsekvensane av eit dødsfall før og no - i dag er det som regel berre dei kjenslemessige konsekvensane me talar om. I gamal tid kunne eit dødsfall få katastrofale fylgjer. Om husbonden eller ektemannen, han som var forsørgjaren gjekk bort, måtte i verste tilfelle, og kjerring og ungar forlate garden, og kanskje vart ungane spreidde rundt på gardane til oppfostring.

Rituale og tradisjonar frå førkristen tid og tida etter reformasjonen

I alle tider, så langt me kan rekne, så har ulike rituale vore knytte til ulike hendingar i livet. Og at det har vore ei form for rituale knytt til død, er ganske så sikkert. I alle kulturar og i alle religionar pratar ein om dei viktige spørsmåla – liv og død. Og i så og seia alle religionar finst det ei tru på eit liv etter døden. Og det er denne trua som gjennom tusenåra har farga gravferdsskikkane våre. Attende til veldig gamle dagar, så kjenner me forteljingane om Faraoane i Egypt. Korleis dei vart gravlagde i svære pyramidar, og med kostelege skattar. Gravgodset var ting dei kunne koma til å trenge på andre sida.

Her i meir heimlege trakter kjenner me jo dei gamle gravrøysene, vikinggravene og skipsgravene der vikingkongar og høvdingar fekk storslagne gravferder der kostelege skattar og meir daglegdagse hjelpemiddel har vorte lagt med i grava. Men med kristendomen sitt inntog i landet vart dette gravgodset heilt borte. Ein trong ikkje husdyr og slavar og reiskapar på andre sida.

Korleis dei gamle gravferdene i tidleg mellomalder gjekk føre seg, veit me naturleg nok ikkje så mykje om, men me veit at ei gravferd tente fleire funksjonar. Ein ting var at eit dødsfall var ein overgang – me skulle leva att forutan han eller ho som var borte. Dette måtte markerast. Kanskje var ein høvding død, og eldste sonen no skulle overta – ei ny tid byrja. Det skulle skiftast /delast blant dei etterlate – ei hending som måtte markerst. Og gravferda var ein måte å heidre den døde på. Ein ting me sikkert veit er at mat og drikke har vore viktige ingrediensar i alle rituala som har omhandla liv og død.

Heilt frå mellomalderen har me høyrte om å drikke sjuandagsdrikk. Drikke sjuand, eller sjunde. Dette tyda på at gravferda skulle vera den 7 dagen etter dødsfallet. Denne tradisjonen har halde seg levande heilt fram til i 2012, då gravferdslova vart endra – no skal gravferda skje innan 10 verkedagar.

I førkristen tid skjedde gravlegginga gjerne heime på garden. Det var eit ættesamfunn, - slekta/ætta var viktige, og det å ha den døde gravlagt heime på garden var viktig. Den ville passe

på både garden og ætta. Etter kvart som landet vart kristna skulle den døde no gravleggjast på kyrkjegarden, om den då ikkje hadde gjort seg skuldig i brotsverk som gjorde at han eller ho ikkje var verdige ein plass innanfor kyrkjegardsmurane. Berre unntaksvis finst private gravstader. Tradisjon med jordpåkasting går attende til ein førkristen tradisjon. Men på 1100-talet tok kyrkja den inn som sin. Det var mot slutten av 1600-talet av jordpåkastinga vart eit sentralt ledd i gravferdshandlinga. Då vart han påboden. Dette hang nok saman med innføring av kyrkjebøker og dei registreringspliktene som presten vart pålagt. Jordpåkastinga vart òg eit middel til sosial kontroll. Det var jo som me veit ikkje alle som kunne få gravleggast på kyrkjegarden og få jordpåkasting. Ved å nekte jordpåkasting markerte samfunnet det at ein tok avstand frå den umoralske livsførsel som den avdøde hadde hatt.

Sjeleringing

Då landet vart kristna, gjekk det ikkje lang tid før dei gamle rituala og skikkane fekk andre meiningar enn dei hadde hatt før. Nokon nye kom til, og nokon vart sikkert forbodne. No var det presten som hadde ansvaret for gravferda, og ikkje ætta til den døde. Presten skulle halde messer og tala vel om den døde. Presten skulle no sikre ein sikker inngang til himmelriket.. Utetter mellomalderen var ikkje presten sine eigne ord nok, ein laut til med røykelse, vievatn og kyrkjeklokker. Kyrkjeklokkene skulle ringje når grav skulle opnast, grava skulle også reinsast med vievatn – vonde makter måtte bort. Det vart halde messer for den døde fleire gonger før gravferda. Og gjerne på tiande og trettiande dagen etter dødsfallet og. Og gjerne på åremålsdagen. Kyrkjeklokkene ringte mange gonger timelange ringingar for å sikre at sjela til den døde slapp fort og glatt forbi skjærselden. Dette kunne vera ei kostbar affære. Her har eg lyst til å sitere noko som den danske forskaren Troels Lund skildrar om skjærskildringa i sitt verk: **Dagligt Liv i Norden i det sekstende Aarhundrede:**

«Neppe var noen død..... førend man i By som på Land ilede til nærmeste Kirke for at faa ringet med dens Klokker..... antoges i særlig Grad at lette Sjælens Indgang i Himmelen. Man ringede den ind i Himmerig. Det var da en Kjærlighedsgerning af første Rang mod den afdøde, og langvejs kom man derfor løbende for at forkorte den farlige stund for Sjælen. Hvad gavn man gjorde den, kunde ethvert Barn indse. Ene og forladt skulde den stige til Vejrs op gennem Luften, hvor onde Aander søgte at spærre den Vejen. Meget kunde disse maaske have at bebrejde den og derved hemme dens flugt. Men hver Pusling maatte vige, Satan selv give tabt, naar Kirkeklokkerne klang. Mens de dirrede i Luften ren, steg Sjælen frigjort, baaren av Tonernes Bobler, lige op i Himlen.»

Ei gravferd i dei fyrste hundreåra etter at kristendomen kom, var ein seremoni, eller rettare ei heil mengd av seremoniar og rituale. Gravferda var fyrst og fremst for den døde si skuld. Bønner og salmar og alt som vart sagt og gjort, var for å sikre inngangen til himmelen. Presten bad for den døde si sjel.

Reformasjonen

Innføringa av den lutherske kyrkjeordinansen i Danmark og Noreg i 1537 representerte eit radikalt brot med den katolske kyrkja og med det paven i Roma som kyrkjeleg overhovud.

Om me ser Noreg under eitt, vart reformasjonen gradvis innført. Mykje av dei gamle rituala og bønner og salmar, kyrkjeinventar og ringepraksis fekk leva vidare nokon år. Enkelt og skjematisk kan me seia at då reformasjonen var eit faktum, vart plutselig gravferda noko som vart viktigast for oss som var att. Den døde vart no overgjeve i Guds hender, og det som skulle skje var det Gud som avgjorde. Det var me som var att som trengte bibelord og salmar og ting som kunne hjelpe og trøyste oss. Ikkje før i 1607 tok ein grep for å få avskaffa skjærskildringinga. Det står å lese i den dansk-norske kyrkjeordinansen frå 1607:

«Var det hele ikke en af disse papistiske løgne, hvormed man i den katolske Tid havde fyldt Landet? I Saa fald var det nok snarerer Djævelen, der trak i Rebet, Satan, selv, der lod Knebelen gaa med Løgn ud over Menigheden. Skikken burde afskaffes som skadelig, som den Ondes verk!» Vidare står det å lesa: *«Naar da Graffuen er ferdig oc tid er at bære Ligit til Graffuen da bør ocsaa alting at vere met Ligit klart gjort naar Klocken er it efter Middag oc da skal mand begynde at Ringe icke for de Dødis skyld men at opuecke de Leffuendis til en Christelige Dødens betenckelse.»*

Ved at ein no ikkje fekk lov til å ringe skjærskildsriningar rett etter dødsfallet, vart likevel skjærskildringingar ringt – ein flytta dei til rett før gravferda skulle starte. Dette har nok kyrkjemakta skjøna, og innskjerpar også her:

«Ringen met Klockerne icke skal vare for lenge oc met en fofengelighed Misbrugis»

Interessant er det då å vite at utover 1600-talet og framover nådde denne forfengeligeita uante høgder med timeslange klokkeringingar med fleire klokker og gjerne frå fleire kyrkjer i byen når til dømes dei rike Osloborgarane skulle i jorda. Kor lenge denne skikken med sjeleringing har halde seg er vanskeleg å seia, men den har utvikla seg og fått ulike tydingar knytt til seg, men me kan likevel seia at den er sterkt levande i den lutherske kyrkja i dag. I Danmark er det til dømes

svært utbreidd at kyrkjeklokkene ringjer i fem min så fort kyrkja får melding om eit dødsfall i landsbyen. Her i Hamar bispedømme levde ein annan gamal skikk fram til godt inn på 2000-talet – det å ringe når grava vart opna. Dette var i Øystre Slidre – der gjekk altså ringaren opp i tårnet og ringde i fem min. før han så gjekk i gang med å grava grava.

I førkristen tid høyrde me om at det var ætta sjølv som styrde gravferdene. Frå kristninga av landet og til godt etter reformasjonen var det kyrkja og prestane som styrde gravferdene. Men så var det lange tider der gravferda på mange måtar blir take tilbake til ætta, til garden. Det var ein lærar eller ein klokkar eller kjøgemeistaren som var den som var «Seremonimeistar». Ikkje før langt inn på 1900-talet – mange stader så langt som til 60- og 70-talet, var det vanleg at kyrkja og presten ikkje var delaktige i gravferda – det var no ein byrja å ta kista inn i kyrkja og la gravferda gå føre seg der inne. Her i Hedalen var det ikkje før presten Reidar Nilsen kom i 1946 at ein byrja å ha gravferdersseremonien inne i kyrkja. Men framleis var det mange som i tillegg heldt på den gamle tradisjonen med å starte gravferda i garden der den døde var.

Å ta hand om ei gravferd

Ein eller fleire gonger i livet er det me som skal ta hand om praktiske ting som handlar om død, gravferd, arv, skifte, gravstein, salmar, blomster, minneord, mat på minnesamvær..... osv. Og det er i slike høve at rituala, tradisjon og skrivne eller uskrivne kulturelle «lover og reglar» er gode å ha. Det som skjer i samband med eit dødsfall, kan sjåast på som kulturelle mønster som er til hjelp for oss i sorgprosessen. Rituala eller gravferdsskikkane er gode ved at dei gjev struktur og tryggleik i ei tid der opplevinga av kaos eller hjelpelausheit trugar med å overvelde dei som står midt oppe i det. Gravferdsskikkane som det faste mønsteret av handlingar, ord og tonar er forutsigbart og trygt, samstundes som dei opnar for å sjå tapet av den døde i ein større sosial samanheng. Gravferdsskikkane kan vera knaggar å henge sorgbearbeidinga på. Dei gamle gravferdsskikkane kan også legge til rette for ei praktisk sorgbearbeiding.

Korleis ei gravferd gjekk føre seg for kring 100 år sidan

Om me startar akkurat i det ein person er død og har slutta å puste, så er kanskje det aller fyste som blir gjort, det å léta att auga til den døde. I gamal tid vart det sagt at den døde måtte ha att augo så han eller ho ikkje såg kor dei frakta vedkomande – dei skulle ikkje koma att, eller gå att etter seg. Me les og om at dei nokon gonger tok den døde ut gjennom eit ope glas. Det vart kledd att og vindauga vart flytta til ein annan stad på vegg. Dette for at den døde ikkje skulle kjenne seg att om han skulle koma til å gå att etter seg.

Om det var bonden eller far sjølv på garden som var død, eller kjerringa hans, så var det med å leta att augo noko som eldstesonen skulle gjera. Det var han som no skulle overta garden og føre arven vidare. Dette var ein uskriven regel for mange – det var berre noko som måtte gjerast, og at det var forventat at eldste sonen skulle gjera det. – Ein har fortalt meg ein gong om hans fyrste møte med døden – då far hans døydde. Han var i sorg og livredd for alt dette nye. Det å stå i rommet med den akkurat døde faren var skummelt nok i seg sjølv, om han ikkje måtte ta på den døde kroppen i tillegg. Denne mannen visste at det var hans oppgåve å léta att farens auger, noko han hadde lært gjennom å høyre dei gamle fortelje, og å oppleva dette i ung alder. Og denne mannen gjorde det som var forventat utan at nokon sa noko – han lét att farens auga. Og med ein gong han hadde gjort det, sa han at han plutselig følte seg i eitt med alle hans forfedre som ein eller annan gong hadde gjort akkurat det sama med ein av sine. Han var i eitt med alle syrgjande menneske gjennom alle tider. Her ser me at kultur og tradisjon har gjeve han kunnskap om kva han skal gjera ein vanskeleg situasjon han er heilt ukjent med og redd for.

Så, når augo på den døde er attlatne, la ein ofte ein bibel eller ei salmebok under haka slik at munnen skulle halde seg att.

Sjølv om ein på mange måtar kunne vera godt førebudd når det kom til eit dødsfall på garden, var det sjeldan at ein gjorde førebuingar som handla om sjølv gravferda. Ein skulle ikkje ta døden og sorga på førehand.

Det neste som måtte skje, var at den døde måtte flyttast ut or huset han låg. I gamal tid var det som regel berre eit stort rom i huset – eit rom som var både stove, kjøkken og soverom. Den døde kunne sjølv sagt ikkje bli verande inne, der temperaturen naturleg nok vart svært høg på grunn av varmen frå grua. Den døde vart no lagt på noko plankar eller på ein lem og sett på låven eller eit egna uthus, så sant det ikkje var eit eige rom i huset der ein kunne ha ope glas. Var det så at det allereie fanst ei ferdiglaga kiste på garden, vart den døde stelt og lagt i kista med ein gong. Men det var nok heller sjeldan at folk hadde kiste. Me høyrer tidt og ofte om det, men det var nok ikkje det vanlegaste. Men det som vart sagt var at det alltid skulle vera turre bord liggande slik at ein snøgt kunne få laga kiste når ein plutselig trong det. Kista var det som regel ein snikkar i bygda som laga. Litt etter førre århundre ser me at det kjem annonser i Avisa Valdres, der ein kan få kjøpt kiste. Gunnar Hagen frå Fagernes starta snikkarverkstaden sin kring 1912. Og han annonserte med kisteproduksjon.

No når den døde var ute or huset, tok dei ut halmen som hadde ligge i senga, bar den utpå jordet og brente den opp. Kleda den døde hadde hatt på seg vart og ofte brent. Når røyken no steig til

værs, så var det også eit teikn til bygdefolk om at det no var eit dødsfall på garden. Folk i bygda hadde kanskje lenge visst at det gjekk mot slutten for ein eller annan på garden, så no då dei såg rauken midt utpå jordet, skjønte dei det. Dei la og merke på kva retning rauken gjekk – gjekk den nordover bygda skulle neste liket koma derifrå. Gjekk den sørover, skulle det neste koma frå sør.

Så fort rauken hadde lagt seg visste heile bygda om det som hadde hendt. Nære grannar eller vener kom no til garden og baud seg å hjelpe til. Eit par karar baud seg gjerne til å grava grava. Eit par andre baud seg kanskje til å bæra kista, eller stille vogn eller slede til disposisjon gravferdsdagen. Nokon baud seg å skaffe bar til barsalen nokon baud seg å laga den og rydde tunet. Ei kjerring kom kanskje med sending – graut, flesk, smør, ost, pølse, flatbrød... Nokon baud seg til å brygge øl, nokon til å slakte – Grannehjelpa var stor og viktig denne tida.

Ein av sønene på garden la no i veg til kistesnikkaren med materialane som skulle bli til kiste. Og ei av døtrene tok stoffet, som hadde ligge lagra i påvente å bli likskjorte, med til den kjerringa i bygda som brukte å sy likskjorter. Det å sy likskjorte eller å bu eller reive liket, var gjerne ein jobb ei legdekjering gjorde – det kunne anten gje henne ein slant i pungen eller litt mat til livets opphald. Likskjorta var vanlegvis av eit simpelt lerretsstoff. Men om garden var godt stilt, kunne også kvit lin brukast.

Mange stader kom ei reiedeie eller til gards for å hjelpe til med brygging, baking og slakting. Dette var gjerne på gardar dei hadde nok mat og drikke til ei stor gravferd med mykje folk. Men til vanleg hadde folk som kom i gravferda med seg sending – dette var gjerne graut, flesk, ost, pølse, flatbrød, dram eller småkaker. Sjølv om garden kunne vera sjølvberga og sjølvforsynt, vart det sett på som ei fornærming om folk ikkje fekk ta med seg litt til sendinga.

Når tidspunktet for gravferda var bestemt, var anten ein av tenestegutane på garden, eller ein annan unggut i bygda sendt rundt for å be inn til gravøl. I gamal tid fantes det som me i heile Valdres kjenner som bearglag eller beargreuder. I tillegg til at kanskje nokon skyldfolk lenger unna også måtte inviterast. Denne betelen eller bearen eller bedemannen fekk oftast litt mat i ei skreppe som betaling. Pengar kunne han også få, i tillegg til at det vanka både øl og dram og kaker og mat på gardane dit han kom med innbedinga. Me har lese om at jobben med å be inn til gravferd i gamal tid kunne gjerne ta fleire dagar. Betelen vart gjerne så full og dårleg etter å ha invitert fire- fem grannar, at han måtte sova ut rusen, og byrje på att neste dag.

Som eg nemnde i stad så var det mange som gjerne kom og baud seg til å grava grava. Det var ei ære å få grava ei grav åt ein frende og sambygding. For det var slik at det mange stader ikkje vart fast tilsett gravar ved kyrkjegardane før langt inn på 1900-talet. Desse gravarane fekk og gjerne

noko for jobben, oftast mat. Men då det utover 1900-talet vart fast tilsett gravar, fekk han betaling, anten mat eller pengar.

Likvake

Likvake var og ein gamal førkristen tradisjon. Nokon stader i landet heldt denne tradisjonen seg til langt innpå 1900-talet. Til likvakene vart det nokon stader bede inn både liksongarar – karar eller kvinnfolk som song triste songar eller salmar i timesvis. Eller det kunne vera gråtekoner som hadde som oppgåve å gråte over liket. Ein skulle halde likvake for å halde vonde krefter og mørke makter unna både garden og den døde. Lys skulle brenne heile tida. Det var ofte ungdomen i bygda som vart sett til slikt «nattearbeid». Når folk då likevel var samla var det for mange naturleg med både spel og dans, leik og moro. Og me har lese mang ei skildring om reine fyllefestar som enda med slagsmål og drap. Ein kjenner ikkje så mykje til opprinnelsen til likvaken, menn me kan anta at likvaka også kunne vore inspirert av dei vigiliene i den katolske kyrkja. Vigilie vart frå gamalnorsk oversett til «vake» - seinare former til «-ok» slik som me finn det i til dømes Olsok – Olavsvaka, Jonsok – Johannesvaka. Ved dei store helgenfeiringane, som det i mellomaldaren var mange av, vart det halde vigiliemesser kvelden før sjølve høgtidsdagen/minnedagen. Dette var messer der ein på ein måte reinsa seg, avstod frå arbeid og mas og gjorde seg klar til den store festen. Til desse vigiliemessene vart det kima med alle kyrkjeklokkene – dei skulle både reinse lufta og gje rom for ettertanke og høgtid. Om me ikkje kjenner til skikken med at kyrkjeklokkene har hatt ein funksjon ved likvaka, er det i alle fall frå denne skikken me i dag har høgtidskiming i alle landets kyrkjer, ein heil time, både julaftan, påskeaftan og pinsaftan, i tillegg til juledagen, påskedagen og pinsedagen. Eit lite sidesprang: - Etter gamal måte å rekne timane i døgnet på, så var kl. 3 den niande timen – det var den timen at Jesus døydde på krossen, og når så kyrkjeklokkene i alle landets kyrkjer ringde kl. 3 så ville dei med det minne om at frelsesverket var fullført – Jesus døydde for oss. Ei anna lita avsporing: I mange bygder og grender var det vanleg å ha flagget på halv stong langfredag, men då kl. 3 vart flagget heist til topps.

Gravferdsdagen

Tidleg byrja folk å koma til gravferdsgarden den dagen gravølet skulle gå føre seg. Då dei kom hadde dei som nemnt med seg sending. I tillegg hadde dei gjerne med seg kransar til den avdøde. Det var kransar med bar og brisk og markblomster om sumaren, og papirblomster duppa i voks på vinteren. Blomane vart ofte hengt opp i barsalen medan kista stod der. Om kistelokket var på, vart kransane lagt oppå lokket. I staden for at folk i dag sender ein blomsterbukett eller ei plante

til den syrgjande familien, så kom folk med kransar til den døde. Dei vart hengt opp rundt kista der den døde låg. Når dei så gravferdsdagen skulle gå til kyrkjegarden, bar folk frå gravfylgjet desse kransane så dei fekk fylgje den døde.

I gravferdsgarden fekk no gjestene traktering – gjerne dram og småkaker, og gjerne kaffi. Nokon stader vart det og servert mat, om det kom til å dra ut før gravferda skulle starte.

Kista, som hadde stått på låven heile veka, vart no bore ut og sett på to krakkar i barsalen som var bygd. Kistelokket var teke bort, slik at folk kunne få sjå den døde. Etter ei stund vart lokket skruva på, og eit kristnateppe eller eit åkle vart lagt oppå kista. I hovudenden og fotende stod brennande ljøs, og gjerne låg ein bibel eller salmebok også på kista. Her i Hedalen vart det ofte eit kvitt klede under kista. Anten i barsalen eller over inngangsdøra i huset hang initialane til avdøde, laga i bar. Desse vart nokon stader teke med og hengt i kyrkjeporten. Ofte var kistene dekorert med blomsterrankar langs kanten.

Det var som før nemnd kjøgemeistaren eller læraren eller klokkaren som var seremonimeistar, og som syrgde for at gravferda gjekk folkeleg til for seg. Det vart sunge salmar, det vart lese frå skrifta, det vart sagt nokon ord, bønner vart bedne og meir songar/salmar vart sunge.

Så var det tid for å gje seg i veg til kyrkja. Om det var lang veg, vart kista sett på ei kjerre eller ein slede trekt av ein hest. Var vegen stutt, vart kista boren av husets eigne karar eller dei som hadde bede seg å bære. Mange stader veit me at det var vanleg at to stykkjer gjekk føre kista med kvart sitt brennande ljøs. Her i Hedalen finst det bilete som syner to som går føre kiste inne på kyrkjegarden. Dei har kvar sin lysestake med brennande lys i. Var det så at ein laut ha hest til kyrkja, så vart det lagt mark på kor mange hestar det var i fylgjet. Ei stor og gild gravferd hadde sjølvsagt mange hestar. Det var viktig å halde plassen sin i fylgjet – om det vart eit bél, eller ei slét, eller eit opphald i fylgjet, vart det eit varsel om at neste liket skulle koma frå den som var skuld i opphaldet.

Etter kvart som ein gjekk forbi eit vegskille, hadde folket på garden lagt grånbar oppe ved vegen. For å syne avdøde den siste ære. Om sumaren vart det ofte stukke markblomster inni baret. Denne skikken finst framleis nokon stader i Valdres og Land og i Ådalen.

Då gravfylgjet nærma seg kyrkja – frå der ringaren i stupulen eller tårnet kunne sjå, så byrja klokkene å ringje. Dei ringde heilt til ein hadde bore kista gjennom porten og sett den ned på plankane som dekte grava.

Det vart no sunge eller lese eller bede Fadervår, og så vart kista senka. Det heile vart avslutta med 3x3 klokkeslag – ein skikk som har halde seg sidan mellomaldaren.

På kyrkjegarden var det sett fram fleire spader, slik at folk frå gravferdsfylgjet var med å kasta att grava. I tida etter at det var tilsett gravar på kyrkjegarden, var det vanleg at gravfylgjet hadde med sending med mat og dram til gravaren. Han skulle også ha noko for jobben han gjorde. Nokon stader i landet var det vanleg at alle i gravfylgjet tok kvar sin neve eller ein liten spade med jord og kasta på kista. Nokon stader vart ein grov staur sett ned på kistelokket før ein kasta att grava.

Dette sidan presten ikkje var med i gravferda – han kom neste messesundag og hadde jordpåkastinga. Då drog dei berre opp stauren, og jorda kunne koma ned på kista. Nokon stader kasta presten berre jord på gravhaugen. Det er dette som både i gamledagar og no blir kalla jordfesting. I førkristen tid, og kanskje litt etter at landet var kristna og, slo dei ein staur gjennom kista og liket og fysisk festa det til jord.

No skulle gravfylgje heim til gravferdsgarden der det vart servert middag. Og ikkje berre middag men kaffi og kaker og meir dram. Og me veit at gravferda den kunne halde på til lyse morgon. Neste dag var det vanleg at ein inviterte folk utanfrå bearlaget til etterpålåg. Og så tredje dagen, om det var mogleg – vart tenestefolka invitert og fekk vera med på gravferdshøgtida.

Høyres det slitsamt ut dette? Lover og reglar og kultur og tradisjon ein lyt fylgje? Ja, kanskje er det slitsamt om ein hadde vore åleine om alle desse oppgåvene. I gamal tid hadde ein grannehjelpa. I dag kan ein bruke eit gravferdsbyrå til noko, og ein kan involvere skyldfolk, vener og grannar. Ein treng ikkje gjera alt sjølv no heller.

Likskapar og skilnadar på gravferder før og no

Tida har endra seg mykje sidan ei gravferd var vanleg å ha slik. Men likevel kan ein seia at me langt på veg har gravferd på sama måten i dag. Her i Valdres står tradisjonen med utsyning veldig sterkt. Nokon kallar det for bisetjing. Vanlegast er det no at eit dødsfall skjer på ein institusjon, og då er det ofte at det blir servert kaffi og kake til familien. Me sit og pratar og planlegg gravferda. Så møter gjerne meir slekt og vener og grannar opp, og me har ei stund i bårhuset på institusjonen. Der blir det ofte sunge ein song eller eit par salmar, lese dikt eller bibelord. Nokon gonger er det nokon som seier noko, medan andre gonger har me ei stund heilt stille. Så kjører me alle i lag til bårhuset ved kyrkjegarden. Om dødsfallet skjer heime, går det føre seg på sama måten, med mat og prat og så ei lita stund ved kista før avreise til bårhuset.

Så har me gravferda i kyrkja, ein seremoni som oftast avspeglar den døde på mange måtar. Både med bilde, songar og salmar og blomar. Ute ved grava blir det lese, bed, sunge, og så blir kista senka. I dei fleste stader i Valdres blir seremonien avslutta med at kyrkjeklokka slår 3 x 3 slag. Etter jordfestinga kjører så folk anten heim til seg sjølve, på arbeid att, eller dei samlast til minnesamvær, der det er god mat og traktering, ein stad der ein kan koma saman og ha det hyggeleg. Så og seia alle gravferder har eit minnesamvær i dag. Men mange av dei er berre for den aller næraste familien

Samanliknar me ei gravferd i dag med ei gravferd for 100 år sidan vil me sjå at mykje er veldig likt. Men arbeidsmengda er nok betrakteleg redusert. I staden for at me har gravferda frå heimen, så har me litt av det sama med utsyninga til bårhuset. Så har me gravferda, men no med kyrkja og presten sin medverknad inne i kyrkja. Etter gravferda reiser me så ein stad for å eta. Akkurat som i gamle dagar. Nesten heilt likt – men me har lagt til ein liten seremoni ekstra – utsyninga/bisetjinga.

Kyrkja sin plass i ei moderne gravferd

Tidt og ofte opplever eg i samtale med syrgjande at dei har store tankar og planar om gravferda. Men fort får eg dei til å forstå at det dei her tenkjer ikkje er mogleg å få til om ein ynskjer ei kyrkjeleg gravferd. Eg foreslår då evt. at mykje av deira ynskjer kan få plass i ei utsyning eller på eit minnesamvær. Eller at ein kan ha ei gravferd ein annan stad enn i kyrkja, og då står ein fritt til å fylle seremonien med det ein vil. Då får me ein interessant diskusjon om både takhøgde i kyrkja og gamle prestar og motvillige organistar. Det eg ofte opplever er at folk vil ha kyrkja som ein medspelar i gravferda, både på grunn av kultur og tradisjon. Men nesten like viktig er det at folk ynskjer den trygge og gode ramma som kyrkja har – samstundes som dei gjerne vil tøyse desse rammene å gjera dei om så dei passar inn i deira tankar og førestillingar.

Eg tenkjer meg ofte det på denne måten: Kyrkja står der og stiller hus og betjening til disposisjon om me ynskjer å ha kyrkja sin medverknad på ein slik stor dag som gravferda er. Me takkar ja til det – akkurat som me takkar ja til ein middagsinvitasjon til ein god ven. Men så startar konflikta – me synes ikkje tidspunktet for middagen passar, og gjev oss ikkje før tidspunktet passar oss. Når me så kjem til middags, likar me ikkje forretten. Me forlanger å få noko anna, hovudretten kan me heller ikkje eta, då me er allergisk for eit eller anna. Og desserten, den vil me gjerne ha servert med krem til i staden for is..... Når kaffien skal drikkast i stova vil me kanskje gjerne flytt litt på bord og stolar så det blir meir likt vår eige stove.....Skjønar de? Me står fritt til å nei til kyrkja sin medverknad, men takkar me ja må me samstundes akseptere at me då seier ja til dei gamle,

enkle og trygge rammene som kyrkja har. Sjølv sagt har ein stor fridom i ei kyrkjeleg gravferd også, både med omsyn til val av salmar og tekster og musikalske innslag. Men me må ikkje gløyme at om ein vél ei kyrkjeleg gravferd, så vél ein ei kyrkjeleg handling på lik linje med gudsteneste og vigsel. Det er kyrkja og kyrkja si betjening som tek i vare kyrkja sin liturgi. Den kyrkjelege handlinga gravferd handlar i all hovudsak om å overgje den døde i Guds hender, og å fylgje den døde til grava. Gravferda har og som oppgåve å gje hjelp og trøyst til dei syrgjande. Den kyrkjelege gravferda er offentleg handling, men familien kan velje å la vere å annonser slik at det berre er innbedne gjester.

Som gravferdskonsulent tenkjer eg at gravferda startar med utsynginga frå heimen eller sjukehuset eller kvileheimen. Den held fram med seremonien i kyrkja veka etter, og sluttar ikkje før minnesamværet er over. Om ein ser alle desse tre tinga i samanheng, så har ein gode høve til å legge ulikt preg på dei ulike delane av gravferda. Kanskje er ikkje sjølv seremoien i kyrkja staden for å ha eit multimedieshow – avdøde sitt liv i film og bilete, på eit kivit lerret..... Kanskje er ikkje kyrkja staden der rockebandet skal spela og ta avskjed. Kanskje treng me kyrkja til den stille, ettertenksame og undrande delen av det som død og sorg og gravferd skapar av kjensler hjå oss? Kan rockebandet heller vera med å spela på minnesamværet? Er minnesamværet den beste staden å ha multimedieshowet også kanskje? Er det kanskje der det vil vera mest naturleg å koma med dei detaljerte minnene og episodane frå fisketuren eller sydenturen?

Men korleis kan me setja personleg preg på seremonien i kyrkja då?

Eit personleg preg treng ikkje berre omhandle den som er død og som me skal ta avskjed med. Sjølv sagt er det fint at gravferda seier noko om vedkomande – det kan jo gjerast med val av motiv eller bilete på songarket. Blomane i kistepynten kan vera fargar eller blommar som avdøde likte. Kanskje har me henta bar og kvistar og blommar frå stølen eller hytta eller avdøde sin eigen hage. Men det personlege kan jo og vera at det er nokon frå nær familie eller slekt eller vener som les blomsterhelsingane i staden for gravferdsbyrået. Kanskje kan val av tekstar som presten les eller val av salmane vera det som gjer det heile personleg?

Ofte når folk skal plukke ut salmar til gravferda, anten ilag med presten eller ilag med gravferdsbyrået, så er det som regel dei 7-8 vanlegaste salmane ein plukkar frå. Det er flotte og fine, og ikkje minst svært slitesterke salmar. Salmar som mange kjenner som gravferdssalmar, og set fort i gang kjenslene våre når me høyrer salmane sunge. Mange gonger har avdøde sjølv lagt føring for salmane, eller at dei pårørande har kjennskap til salmeskatten og har valt salmar ein likar eller har eit forhold til. Men ofte har ikkje folk i dag sama forhold til eller kunnskapar om

salmeskatten, slik som det var tilfelle for ein del år sidan. Då vél ein gjerne salmar som «alle» kan. For då er ein sikra mykje song i kyrkja – trur ein..... No er det dessverre slik at det er mange som ikkje syng eller som lenger kan dei salmane som me trur at alle kan. Ein ny generasjon har kome til, ein generasjon som ikkje pugga salmar korkje i skulen eller hjå presten. Dei 7-8 vanlegaste salmane er ikkje lenger nokon som fylgjer med på. Difor har Anne Hilde og eg plukka ut 4 salmar me har lyst til å la dykk få høyre og vera med på, for med det å fortelje at det i salmeboka finst så mange flotte salmar ein kan velje. Og eit litt utradisjonelt salmeval treng ikkje gjera at folk syng mindre av den grunn, men det kan kanskje vera med på å setja eit personleg preg på gravferdsseremonien.

Som eg nemnde tidlegare her, så er gravferdsseremonien vår i dag meir meint som ei hjelp og trøst for oss som er att. Difor kan ein også tenkje på det når ein plukkar ut salmar. Nokon salmar er tunge og trauste og triste, medan andre har eit større innslag av håp og trøyst. Ei gravferd er trist nok som den er, så kvifor gjera den tristare enn nausynt?

Minnesamværet

No når gravferda er over så er det tid for minnesamværet. Ofte høyrer eg at folk seier dei ikkje vil ha eit «etargild» etter seg. I gamal tid var det nok meir slik at nokon gjekk i alle gravferder der det var mat. Det var faktisk ein del av ein overlevelsestrategi for nokon. Dette er det slutt på i dag. I dag er minnsamværet ein stad der me kanskje kan treffe slekt og vener me berre ser ein sjeldan gong. Folk har kanskje reist langvegsfrå, og treng ein matbit. Derfor er også minnesamvær fint. Og ikkje å gløyme, at eit minnesamvær er ein stad der ein kan koma saman for å minnast og dele med kvarandre gode tankar og minner om den som har gått bort. For den syrgjande familien er det godt å sjå alle som har møtt fram og som har valt å dele dagen med dei. Minnesamværet er på mange måtar starten på det som skal bli dagane heretter, dagane då den me no har teke avskjed med ikkje lenger er med oss anna enn i minna. Dette er difor er kan hende ein fin stad å ha mykje musikk og song og spel. Slik at minnesamværet blir eit løft utatt i kvardagen.

Eg har fleire gonger i dag sagt at mat er viktig. Og det er det. Også i minnesamvær. Framleis er det mykje gamle folk i Valdres – ikkje sjeldan har me gravferder etter folk som er langt over 90 og til og med 100 år. Men etter kvart som denne generasjonen sakte men sikkert blir borte, opplever me og sakte men sikkert at den nye generasjon folk som kjem på minnesamvær aldri har sett eller ete snittar eller svinesteik med potet og grønnsaker, slik som er vanleg minnesamvær-mat i dag. For oss er dette ein heilt vanleg kost, men også her er tida i endring. Det som var fin og god sundags- eller festmiddag, har ikkje noko atkjennande klang hjå den yngre generasjonen. No er

kanskje taco og pizza meir kjent. Kanskje kan maten på minnesamværet og gjerast meir personleg? Ei gravferd etter unge folk, der mesteparten av dei som kjem er unge, ja kvifor ikkje velje pizza eller taco då, om det var noko den døde var glad i? Eg høyrde for litt sidan om ei gravferd, eit godt stykkje utanfor Valdres, der ein 7 år gamal gut var død. Han vart gravlagt rett før bursdagen sin, og familien valte å gjera minnesamværet om til eit gigantisk barneselskap. Der vart servert pølse og brus og masse kaker og sjølvsagt gelé med vaniljesaus til dessert. Det var leiker og mykje skrik og bråk av fleire titals ungar. Den eldre garden syntes sjølvsagt dette var usømmeleg og ikkje fint, men dette vart ei gravferd som på alle måtar avspegla den avdøde. Eg har ved eit par høve hatt minnesamvær etter svært unge folk, der ein valde å gjera minnesamværet personleg ved at ein ikkje dekte bord folk skulle sitja ved. Det vart servert tapas – minnetapas. Gjestene gjekk rundt og prata med folk medan dei hadde med seg tallerken og drikkeglaset sitt. Dette var ein fin og ikkje minst veldig praktisk måte å gjera minnesamværet på, då lokalet vart for lite til å dekke bord til så mange, i tillegg til at avdøde var veldig glad i tapas..

Ein annan måte å gjera minnesamværet personleg på er å velje mat av sesongens varer. Grønnsakssuppe med heimbaka brød på hausten. Kanskje fårrikål. Rakafisk i slutten av november/desember. Pinnekjøtt eller lutefisk i desember. Suppe / Majel, Elgsteik, Beinlause fuglar, kårulettar..... Ja, mat som ikkje er det ein forventar å få i minnesamværet. Dette er med på å gjera det heile veldig personleg. I eit minnesamvær eg hadde for ei stund sidan vart det servert klubb. Det vart ein slager. Eit godt og personleg minnesamvær folk talar om enno, særleg kor utradisjonelt og personleg det var med maten, og ikkje minst kor godt det smakte. Alle desse rettane eg har nemnt her kostar det sama pr kuvert som om en skulle velje den tradisjonelle minnesamværmaten.

Oppsummering

Me likar å tru at folk var sjølvhjelpete med alt i gamal tid – alt alle kunne og fiksa alt heile tida. Men dette er berre delvis sant. Som me forstår, så er hjelpe grannane og sambygdingane gjev, svært viktige for å kunne klare å gjennomføre ei gravferd etter alle dei tradisjonane ein laut fylgje. Så når det er eit gravferdsbyrå blir brukt til planlegging og gjennomføring av ei gravferd i dag, så er det på mange måtar det sama som skjedde før- no er gravferdsbyrået gjerne ein person, i motsetnad til at det var mange som var involverte i gravferda tidlegare. Eit gravferdsbyrå tek betaling for desse tenestene, og det gjorde også grannar og vener den gongen og. Kistesnikkaren skulle ha sitt, ho som sydde likskjorta sitt. Kjøgemeistaren skulle ha sitt, han som laga barsalen fekk kanskje litt fleisk og flatbrød for jobben, og ho som kom og hjalp til med baking og brygging fekk anten nokon få pengar eller litt mat for jobben. Men det som kanskje er den viktigaste

skilnaden på grannhjelpa og eit moderne gravferdsbyrå er at med grannhjelpa fekk grannar, slekt, vener og sambygdingar lov til å ta del i desse førebuingane. Me lever i ei bygd eller grend eller i eit samfunn med andre, der vårt liv flettar seg med andre sine liv. Når så ein døyr og blir borte, skapast det sorg og sagn hjå alle desse som på kvar sin måte har vore delaktige i avdøde sitt liv. Eit dødsfall er dermed ikkje noko som berre råkar den næraste familien. Som eg nemnde tidlegare, så er det mange som kjenner på dette at dei gjerne må få utløp for ein sorg gjennom handlingar. Denne grannhjelpa var god. Grannhjelpa var både ei hjelp for den syrgjande til å bearbeide sorga, ein måte å få syne den døde den siste ære, og ikkje minst å få hjelpe dei pårørande både praktisk og ved å syne at dei tok del i sorga ilag med dei.

Det syner seg svært tydeleg i mange høve i dag at folk både har eit ynskje og eit behov for å syne medkjensle i ei sorg, eller det å få gjera noko praktisk.. Men me har ein timeplan som ikkje alltid strekk slik til som i gamal tid.

Nokon familiar isolerer seg frå samfunnet og vener og grannar i perioden frå dødsfallet og til gravferda. – Det kan vera mange gode grunnar til at nokon vel å gjera det. Nokon skriv i dødsannonsen at dei ikkje ynskjer kondolanse ved grava eller at folk ikkje skal sende blomar til heimen. Det syner seg ofte at desse vala som oftast er med på å skapar isolasjon. Vener, grannar og sambygdingar blir i slike høve ofte usikre på korleis dei skal omgås familien på ein god og normal måte. Dei tør ikkje ringe for å kondolere, langt mindre banke på døra for å prate eller gie ein klem. Ikkje kan dei sende in blomsterbukett heller..... Om me så møter ein frå den syrgjande familien på butikken, så er det lett å dukke ned bak ein reol og late som ein ikkje har sett vedkomande, eller ein tek opp mobilen frå lomma og har ei fiktiv og viktig telefonsamtale, for å sleppe å måtte møte den syrgjande. Og når gravferda er over, når er det naturleg at eg kan ta kontakt med familien att? Skal eg då kondolere eller prate om den døde, eller skal eg berre late som ingen ting? Når gravferda er over og kvardagen byrjar att, og med det kanskje sorgreaksjonane til den næraste familien kjem, ja, då er gravferda «gløymt» av bygda og grannelaget.

Det er mange som har trekt fram at det skjedde noko med oss nordmenn etter 17. januar 1991 då kong Olav V døydde. Det enorme havet av lys og blomar på Slottsplassen. Kongen var ein mann som mange nordmenn heldt av. Om han ikkje var ein nær ven og kjenning, var han likevel ein viktig person for vår kjensle av å vera norsk. Han var ein viktig del av vår kultur og tradisjon. Så då han døydde følte mange på ein sorg. Frå heile landet kom folk til Oslo for å sjå kongen ligge i kista si i slottskapellet. Som eg nemnde tidlegare så er det mange som har eit behov for å

gjera noko fysisk, som ein del av sorgarbeid – praktisk sorgarbeid. Det å tenne lys er ein ting me kan gjera.

Frå 22. juli har me det enorme blomsterhavet utanfor Oslo domkyrkje friskt i minnet, ja ikkje berre utanfor kyrkja, men i heile Oslo sentrum. Og sjølvsagt ved Sundvollen, og elles i andre bygder og grender og byar der det spontant vart laga «minnestader». Sist no for 14 dagar sidan då den tragiske busskapinga i Årdal. Spontant vart lystening på så og seia alle busshaldeplassane frå Vang og til Hallingby eit uttrykk for sorg og medkjensle, og kanskje mange andre kjensler og. På mange av haldeplassane var titals fakkeltaksar. Her er det ganske synleg det behovet for å gjera noko praktisk.

I dag, i vår hektisk kvardag, har me ein annan timeplan og dagsrytme enn dei hadde i dei gode, gamle dagar. Me har lett for å gjera eit dødsfall og ei gravferd, og med det sorga veldig privat. Ein ting kan vera at me rett og slett ynskjer det slik, men noko anna er at me ikkje er vane med å omgås folk i sorg. Kanskje er det vorte meir opp til den einskilde syrgjande familie å involvere vener, grannar og sambygdingar? Kanskje er det me som må ta ein telefon eller sende ein sms til grannen og be om hjelp til eit eller anna? Kan du vera med å bære kista til mor når me har utsynging i morgon? Kunne du tenkje deg å smørje eit fat med rundstykke eller baka ei sjokoladecake til bisetjinga åt far i morgon? Kunne du tenkje deg å vera med å servere på minnesamværet? Har du tid til å koma på ein kaffikopp i morgon – eg treng nokon å prate med?

Eg trur at svært mange grannar eller sambygdingar ville sett umåteleg stor pris på slike spørsmål. For det fyrste for å kunne få gjera noko praktisk sorgarbeid på eige vegne, så for å heidre den døde med å gjera noko for gravferda hans eller hennes, og ikkje minst betyr det mykje at familien/dei syrgjande har lyst til å involvere meg, som granne eller ven, i dette arbeidet – denne store og viktige hendinga i livet deira – å la meg få ta del i den ilag med dei.

Ti sed og skikk forandres meget, alt som tidene lider, og menneskenes tro forandres og de tenker annerledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager.